

**08819****F-sak 049/2019****K-sak 034/2019**

Saksbehandler: Kitt Grønningsæter

Sakens hjemmelsgrunnlag:

Jnr. ref:

Arkiv:

Klageadgang: nei

Off. dok: ja

**ENDRINGER I MERKURFORSKRIFTEN: HØRINGSUTTAELSE****BAKGRUNN**

KMD foreslår noen endringer i Merkurforskriften, og har sendt forslaget på høring. Høringsfrist er 26. juli 2019.

Det er flere små butikker i Rødøy kommune som aktivt benytter seg av Merkurordningen, og denne anses som veldig viktig for både tilskudd til drift og investeringer.

Endringene som er foreslått gjelder investeringsstøtte til dagligvarebutikker, hvor det åpnes for at butikker nærmere alternativt kjøpesenter også kan omfattes av ordningen. Videre foreslås det å øke omsetningskravene for investeringsstøtte til investeringer og tilskudd, og å øke maksimalt støttebeløp årlig fra kr 400' til kr 600' årlig. Utviklingsstøtte kan gis til butikker med årlig omsetning på kr 3 og 7 mill. Dette foreslås økt til mellom kr 4 og 8 mill. Servicetilskuddet for de minste Merkur-butikkene forutsetter at butikken har mindre enn kr 3 mill i årlig omsetning. Dette foreslås økt til kr 4 mill. Til slutt foreslås det å utvide investeringstilskudd til drivstoffanlegg til også å gjelde ladestasjon for elbil.

**VURDERING**

De foreslåtte endringene vil styrke Merkurordningen som er viktig for å opprettholde små butikker med ekstra servicetilbud i Rødøy kommune.

**KONKLUSJON**

Rødøy kommune bør støtte de foreslåtte endringene i Merkurforskriften.

**VEDLEGG**

1. KMD, høringsbrev m/vedlegg, 22. mai 2019

**RÅDMANNENS INNSTILLING**

Rødøy kommune anser Merkur-ordningen som svært viktig for å opprettholde små butikker med ekstra servicetilbud i distriktene, og støtter de foreslåtte endringene til Merkur-forskriften.

Rødøy kommune 3. juni 2019

Kitt Grønningsæter  
Rådmann

# Utskrift av møteprotokoll

for Rødøy formannskap i møte mandag den 03.06.2019

Av 5 medlemmer var 5 tilstede (medregnet møtende varamedlemmer).

**Sak 049/2019: ENDRINGER I MERKURFORSKRIFTEN: HØRINGSUTTALELSE**

Jf. saksutredning 08819

**Rådmannens innstilling:**

Rødøy kommune anser Merkur-ordningen som svært viktig for å opprettholde små butikker med ekstra servicetilbud i distriktene, og støtter de foreslåtte endringene til Merkur-forskriften.

**Vedtak:**

**Som innstillingen. Enstemmig.**

*Rett utskrift*

*Rødøy kommune, formannskapskontoret den 04.06.2019*

*Raguhild Aakre Seljevoll*  
*Raguhild Aakre Seljevoll, førstekonsulent*



DET KONGELIGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Rødøy kommune

Deres ref

Vår ref

Dato

19/2336-1

22. mai 2019

### Endringer i Merkur-forskrifta. Høring.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet foreslår nokre endringar i Merkur-forskrifta. Vi foreslår minst ei endring per ordning, med unntak av utviklingstilskot til bokhandlar.

Departementet viser til vedlagte høyringsnotat som kort gjer greie for kva endringane inneber og sjølve forslaget til endringar.

Høyrings svar kan sendast inn ved å bruke skjemaet for høyrings svar på <https://www.regjeringen.no>.

Eventuelle spørsmål kan sendast på e-post til [jeanette.fjeldheim@kmd.dep.no](mailto:jeanette.fjeldheim@kmd.dep.no). Bruk gjerne referanse: 19/2336.

Vi ber om innspel innan 26. juli 2019.

Med helsing

Gerd Slinning (e.f.)  
avdelingsdirektør

Jeanette Fjeldheim  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne  
signaturer*

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
[postmottak@kmd.dep.no](mailto:postmottak@kmd.dep.no)

Kontoradresse  
Akersg. 59  
[www.kmd.dep.no](http://www.kmd.dep.no)

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 858

Avdeling  
Statsforvaltningsavdelingen

Saksbehandler  
Jeanette  
Fjeldheim  
22 24 70 33

**Vedlegg:**

Høyringsnotat

Forskriftsendingar

**Høringsinstanser:**

Distriktssenteret

Hovudorganisasjonen Virke

Coop

NorgesGruppen

Utvalde kommunar

Utvalde fylkeskommunar

Utvalde Merkur-butikkar

Alle Merkur-konsulentane

## Forskriftsendringer – Merkur-forskrifta

Kommunal- og moderniseringsdepartementet føreslår endringar i Merkur-forskrifta.

Under forskriften sitt kapittel 2 om investeringsstøtte til daglegvarebutikkar føreslår departementet fire endringar, alle i §§ 11 og 12 (tildelings- og utrekningsreglar).

Vi føreslår ei endring i følgjande kapittel:

Kapittel 3 om utviklingsstøtte til daglegvarebutikkar, § 16 bokstav b.

Kapittel 4 om servicetilskot til dei minste daglegvarebutikkane, § 22 bokstav c

Kapittel 5 om investeringstilskot til daglegvarebutikkar, eit nytt anna ledd i § 28.

Departementet føreslår ingen endringar i forskrifta sitt kapittel 1 om felles reglar for tilskotsordningane eller i kapittel 6 om utviklingstilskot til bokhandlar.

Departementet tar sikte på at endringane trer i kraft august/september 2019.

### **Føreslåtte forskriftsendringar med kommentarar** (*Føreslåtte endringar i kursiv*).

#### Merkur-forskrifta kap. 2 om investeringsstøtte til daglegvarebutikkar.

I. I § 11 første ledd bokstav b står det i dag: Ein daglegvarebutikk kan søkje om investeringstilskot til fysiske investeringar viss den oppfyller krava i § 3, 1. ledd og i tillegg b) har ein avstand på minst 10 kilometer til næraste alternative innkjøpsstad, eller ligg på stader utan fast vegsamband, eller er einaste daglegvarebutikk på ei øy. Departementet føreslår at følgjande setning blir tilført: "*Det kan gjerast særskilte vurderingar for butikkar som har mellom 5 og 10 kilometer avstand til næraste alternative innkjøpsstad*".

Hovudregelen er framleis ein avstand på minst 10 kilometer til næraste alternative innkjøpsstad. Formuleringa "*særskilte vurderingar*" inneber at det unntaksvis kan tildelast investeringstilskot til daglegvarebutikkar som har mellom 5 og 10 kilometer til næraste alternative innkjøpsstad. Det må vere lokale omstende utanom "det vanlege" som tilseier at ein kan gjere unntak.

Departementet opnar for at Merkur-styret etter *særskilde vurderingar* kan tildele investeringstilskot til daglegvarebutikkar der avstanden til næraste alternative innkjøpsstad er meir enn 5 kilometer, men mindre enn 10 kilometer. Styret kan da utøve eit visst skjønn i heilt spesielle tilfeller, der det finnes særegne lokale utfordringar.

II. I § 11 første ledd bokstav d føreslår departementet å heve beløpet frå 10 millionar kroner til 13 millionar kroner. Da vil denne regelen lyde: Ein daglegvarebutikk kan søkje om investeringstilskot til fysiske investeringar viss den oppfyller krava i § 3, 1. ledd og i tillegg d) har inntil *13 millionar kroner* i årsomsetning eksklusiv meirverdiavgift, drivstoff, kraftfôr og gjødsel.

**III. I § 11 tredje ledd** foreslår vi å heve maksimalt støttebeløp frå 400 000 kroner til 600 000 kroner. Da vil reglen sjå slik ut: *Maksimalt støttebeløp er inntil 600 000 kroner eksklusiv meirverdiavgift kvart år.*

Departementet meiner at å heve beløpet med 200 000 kroner er ein naturleg konsekvens av den alminnelege prisutviklinga. Vidare er auka byggtekniske- og miljømessige krav også noko som tilseier at beløpet bør hevast.

**IV: I § 12 første og anna ledd** auka omsetningskrav.

Ein butikk som har inntil *8 millionar kroner* i omsetning kan få tilskot med inntil 75 prosent av dei totale kostnadene i prosjektet.

Ein butikk som har mellom *8 og 13 millionar kroner* i omsetning kan få tilskot med inntil 50 prosent av dei totale kostnadene i prosjektet.

Inntil 50 prosent av dei totale kostnadene i prosjektet kan støttast.

Departementet forslår at beløpet blir auka til 8 millionar kroner i staden for 7 millionar kroner i første ledd, og at ein aukar til 8 – 13 millionar kroner i anna ledd. Omsetningsgrensene har vore dei same i nokre år og blir derfor føreslått justert. Dette er også ei følge av den almennelege prisutviklinga og fleire butikkar vil såleis omfattast av ordninga.

Merkur-forskrifta kap. 3 om utviklingsstøtte til daglegvarebutikkar.

**V I § 16 bokstav b** (tildelingsreglar) står det: Utviklingsstøtta kan bli gitt til

daglegvarebutikkar som oppfyller krava i § 3, 1. ledd og i tillegg b) har mellom 3 og 7 millionar kroner i årsomsetning eksklusiv meirverdiavgift, drivstoff og kraftfôr/gjødsel.

Departementet foreslår å auke krava til årsomsetning slik at det skal stå: b) har mellom *4 og 8 millionar kroner* i årsomsetning eksklusiv meirverdiavgift, drivstoff og kraftfôr/gjødsel.

Departementet foreslår å heve grensa frå 7 til 8 millionar kroner som maks grense for å kunne søke om utviklingsstøtte. Det betyr at butikkar med mellom 4-8 millionar kroner i årsomsetning kan søkje om utviklingsstøtte. Kriteria for utviklingsstøtte blir foreslått justert, slik at dei svarar til justeringane i investeringstilskotet og servicestøtta.

Merkur-forskrifta kap. 4 om servicetilskot til dei minste daglegvarebutikkane.

**VI I §22 bokstav c** om tildelingsreglar står det: Tilskotet kan bli gitt til daglegvarebutikkar som oppfyller alle krava § 3, 1. ledd og i tillegg c) har under 3 millionar kroner i årsomsetning eksklusiv meirverdiavgift, drivstoff, kraftfôr og gjødsel.

Departementet foreslår å auke frå 3 millionar kroner til 4 millionar kroner i årsomsetning. Ny bokstav c vil derfor lyde: "har under *4 millionar kroner* i årsomsetning eksklusiv meirverdiavgift, drivstoff, kraftfôr og gjødsel."

Dei minste Merkur-butikkane som har under 3 millionar kroner i årlig omsetning får 100 000 kroner per år i tilskot, gitt at dei tilbyr minimum tre tilleggstenester. Departementet foreslår å heve grensa til under 4 mill. kroner i daglegvareomsetning. Omsetningskravet blei satt vel lavt i første omgang. Ein Merkur-butikk med under 4 millionar kroner i omsetning er framleis ein sårbar daglegvarebutikk.

Merkur-forskrifta kap. 5 om investeringstilskot til drivstoffanlegg.

**VII I § 28** føreslås eit nytt anna ledd: "*Ladestasjon for elbil inngår også i ordninga*".

Som følgje av dette blir noverande anna ledd til tredje ledd og noverande tredje ledd til fjerde ledd.

Departementet meiner at støtteordning til ladestasjon er i tråd med ein framtidssretta miljø- og klimapolitikk.

## **Forskrift om endringer i forskrift om tilskot frå Merkur-programmet (Merkur-forskrifta)**

Fastsatt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 23 mai 2018 med heimel i dei årlege budsjettvedtaka til Stortinget, kap. 550, post 73.

*I Merkur-forskrifta gjerast følgande endringar eller tilføyingar:*

- § 11 første ledd bokstav b, nytt anna punktum: *"Det kan gjerast særskilte vurderingar for butikkar som har mellom 5 og 10 kilometer avstand til næraste alternative innkjøpsstad"*
- § 11 første ledd bokstav d endrast til: *"har inntil 13 millionar kroner i årsomsetning eksklusiv meirverdiavgift, drivstoff, kraftfôr og gjødsel"*
- § 11 tredje ledd skal endrast til: *"Maksimalt støttebeløp er inntil 600 000 kroner eksklusiv meirverdiavgift kvart år"*.
- § 12 første ledd: *"Ein butikk som har inntil 8 millionar kroner i omsetning kan få tilskot med inntil 75 prosent av dei totale kostnadene i prosjektet."*
- § 12 anna ledd: *"Ein butikk som har mellom 8 og 13 millionar kroner i omsetning kan få tilskot med inntil 50 prosent av dei totale kostnadene i prosjektet."*
- § 16 bokstav b: *"har mellom 4 og 8 millionar kroner i årsomsetning eksklusiv meirverdiavgift, drivstoff og kraftfôr/gjødsel."*
- § 22 bokstav c: *"har under 4 millionar kroner i årsomsetning eksklusiv meirverdiavgift, drivstoff, kraftfôr og gjødsel"*
- § 28 nytt anna ledd: *"Ladestasjon for elbil inngår også i ordninga."*
- § 28 noverande anna ledd blir nytt tredje ledd
- § 28 noverande tredje ledd blir nytt fjerde ledd: